



Aktuelle høringsinstansar

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/889 - 15/9036

Saksbehandlar:

Sveinung Kvamme

sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:

27.08.2015

Høringsbrev ny forskrift om vass- og avløpsgebyr

Radøy kommune si gjeldande VA-forskrift er frå 2008, og det har vore arbeidd med å oppdatera forskrifta i høve til gjeldande reglar og forskrifter. Det er såleis utarbeidd framlegg til ny VA-forskrift, som er tenkt sett i verk frå 1.1.2016.

Bakgrunn

Bakgrunnen for endringsframlegget er endringar i lovar og forskrifter og generell samfunnsutvikling, saman med trong for å rydda i eksisterande forskrift med vedlegg.

Innhald i framlegget

Eksisterande forskrift består av forskrifta, med kommentarar til nokre paragrafar og reglar for vassmålar. I det nye framlegget er alt teke direkte inn i forskrifta, slik at det ikkje lengre er trong for vedlegg. Framlegget er også basert på ein «standard mal» som mange andre kommunar nyttar. Det er ingen referansar til beløp eller satsar i framlegget, berre referansar til gebyrregulativet, som vert fastsett kvart år av kommunestyret. Definisjonane er tydelegare og meir omfattande enn i tidlegare forskrift.

Det går fram at vass- og avløpsgebyr skal vera todelte, med eit abonnementsgebyr (fast del) og eit forbruksgebyr (variabel del). Abonnementsgebyret skal dekkja kommunen sine kapitalkostnader, medan forbruksgebyret skal dekkja resten av kostnadene knytt til kommunale vass- og avløpsstenester. Forbruksgebyret vert rekna etter målt eller stipulert forbruk, som vassforbruk i kubikkmeter. Stipulert forbruk vert rekna etter bruksareal (BRA) i bustaden. Høvestal mv. vert fastsette i gebyrregulativet. Administrasjonsgebyr for vassmålar er teke ut, og er erstatta av frammøtegebyr for avlesing av vassmålar. Det er teke inn eige punkt om gebyrreduksjon etter reglane om prisavslag i forbrukarkjøpslova. Det er også teke inn eigne punkt om pålegg og ansvar.

Følgjer av framlegget

Med ny forskrift har kommunen oppdatert regelverk på VA-området i høve til sentrale lover og forskrifter, og i høve til samfunnsutviklinga. Dette gjer det enklare å praktisera forskrifta. I og med at alle tal og verdiar vert fastsett i det årlege gebyrregulativet, vil det berre vera trong for å endra forskrifta som følgje av endringar i sentrale lover eller forskrifter, eller når ein vil gjera prinsipielle endringar i forskrifta.

Omlegginga til todelt gebyr vil føra til større variasjon i årsgebyret til kvar einskild abonnent. Men dei samla gebyra kommune tek inn aukar ikkje som følgje av omlegginga.

Det faste gebyret vil vera likt for kvar abonnent, medan den variable delen vil variera direkte med bruksarealet (BRA) i kvart einskild husvære. T.d. vil ein bustad på 95 m² truleg få noko lågare gebyr enn i dag, medan ein bustad på 250 m² kan få noko auke i gebyra. Dette kan føra til at fleire vel å installera vassmålar.

Ny forskrift er i utgangspunktet avgiftsnøytral når det gjeld bruk av vassmålar.

Invitasjon til høyringsvar

Dette dokumentet, saman med framlegget til ny forskrift, vert lagt ut på sørvistorget i rådhuset og på kommunen sine heimesider. Høyringsframlegget vert berre lagt fram på denne måten, og vert ikkje sendt til einskildpersonar, verksemder eller grupper. Høyringsvar til framlegg til ny forskrift om vass- og avløpsgebyr må vera Radøy kommune i hende seinast 1. november 2015.

Med helsing

Jarle Landås
Rådmann

Sveinung Kvamme
økonomisjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Utkast til ny forskrift

Mottakarar:

Aktuelle høyringsinstansar